

Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Adm.enhet: Forvaltningsseksjonen i region
Vest
Sakshandsamar: Ola Midttun
Telefon: 46888567
Vår referanse: 16/13554
Dykkar
referanse:
Dato: 06.09.2018

Masfjorden kommune Hordaland - Offentleg ettersyn og høyring for kommuneplan sin arealdel 2018-2030 - uttale

Vi viser til brev av 12.07.2018 frå Masfjorden kommune med offentlig ettersyn og høyring av kommuneplanen sin arealdel 2018 – 2030.

Fiskeridirektoratet region Vest har gjeve fråsegn til planprogrammet i 2016 der har vi gjort greie for vårt ansvar i planarbeidet og kva forventningar vi har til planarbeidet (ref. vårt brev av 20.12.2016).

Planprosess og medverknad

«Det er viktig at kommunen legg til rette for medverknad både frå fiskeri- og akvakulturnæringa i samband med arealplanlegginga i sjøområda. Dette sit med grunnleggjande kunnskap om si næringsverksemd, og må få høve til å leggje fram synspunkt og definere kva trong dei har for areal i dag og i framtida». I planomtala saknar vi ei framstilling av korleis og i kva grad kommunen har samarbeida med næringa /interesseorganisasjonane gjennom planprosessen. Det kjem fram at næringsaktørane innan akvakultur har kome med innspel på bakgrunn av spørsmål om å flytte deler av verksemda lenger ut i fjorden. Når det gjeld framlegg om nytt akvakulturområde sør for Raunholmane, er det ikkje gjort greie for om dette området er teke inn etter konkrete innspel frå næringa, eller om det er kommunen sjølv som meiner at området er godt eigna for framtidig etablering av akvakultur. Det er heller ingen referansar til samarbeid og medverknad frå fiskarlag, eller om desse har fått høve til å kome med merknadar til nytt akvakulturområde og utviding av eksisterande.

Fiske- og gyteområde

Fiske- og gyteområda som er synt på plankartet er i stor grad ei vidareføring frå gjeldande arealplan. Fiskeområde, låssettingsplassar og gyteområde som Fiskeridirektoratet har registrert gjennom tidlegare kartlegging av kystnære fiskeridata, er synt på plankartet som

område for fiske. Vi meiner generelt at fiskeriinteressene er tekne vare på i planen og vi kan ikkje sjå at eit nytt akvakulturområde sør for Raunholmane og utviding av eksisterande akvakulturområde i ytre del av Masfjorden, vil representere vesentlig auka konfliktpotensial med utøving av fiske. På bakgrunn av kunnskapsgrunnlaget Fiskeridirektoratet sit med, har vi ikkje grunnlag for å hevde at den framlagde arealbruken i sjøområda representerer noko stort trugsmål mot bevaring av kjente gyteområde og marint biologisk mangfald. Vi legg til at vårt standpunkt er på bakgrunn av kva som er registrert under kystnære fiskeridata i Fiskeridirektoratet sin kartbase.

Akvakultur

I planframstillinga er det gjeve ei grundig gjennomgang av alle akvakulturområda i dei ytre deler av Masfjorden som er foreslått utvida. Bakgrunnen for utvidinga er innspel frå aktørane om at dei har trong for meir areal utanfor terskelen av omsyn til at fylkesmannen har trekt attende utsleppsløyve på lokalitetar lenger inne. Fiskeridirektoratet region Vest meiner at næringa si trong for auka areal i Fensfjordbassenget er følgt opp på ein god måte, og vi ser ikkje den utvida arealbruken som vesentlig konfliktfylt med fiskeriinteresser. Når det gjeld føresegn til område for akvakultur og krav til lukka anlegg i AK-områda ved Bergsvik og Barlingebotn, meiner Fiskeridirektoratet at det er sektorstyresmaktene si oppgave å regulere utslepp til resipient gjennom deira lovverk. Arealplanen og arealbruk i sjøområda skal vere i samsvar med føresegnene i Plan- og bygningslova § 11-7 nr. 6 og § 11-11 nr 3, 6, 7.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ola Midttun
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift

Mottakarliste:

| | | | |
|--------------------|---------------------|------|-------------|
| Masfjorden kommune | Austfjordvegen 2724 | 5981 | MASFJORDNES |
|--------------------|---------------------|------|-------------|

Kopi til:

| | | | |
|--------------------------|---------------|------|--------|
| Fiskarlaget Vest | Slottsgt. 3 | 5003 | BERGEN |
| Fylkesmannen i Hordaland | Postboks 7310 | 5020 | BERGEN |
| Hordaland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |

Kopi til:
Regionalavdelinga
Kystverket Vest

Postboks 1502

6025

ÅLESUND

KOPPI